

Arkiv:FA-L13, PLANID-
197101, PLANNAVN-
Åsen bustadfelt (Åsen
B)**JournalpostID:** 26/14759**Saksbehandlar:** Kjell Petter Solhaug**Vedtaksorgan** Skriv her

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Sal av areal i Furulia - Godkjenning av avtale**Vedlegg**

- 02.07.2026 Avtale om sal av arela i Furulia
- 02.07.2026 Vedlegg til avtale med Jarl Standnes

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet godkjenner avtale mellom Jarl Standnes og Gloppen kommune om sal av del av gbnr. 77/235 slik den ligg føre.

Saksutgreiing**Bakgrunn for saka**

Saka kjem opp til handsaming då det ligg føre ei avtale som sal av areal som treng godkjenning.


Fakta i saka

Jarl Standnes er eigar av Furulia 6, gbnr. 77/272, og har tilbake til slutten av 1980-tallet hatt

Figur 1 syner eit utsnitt av reguleringsplanen i Furulia, og syner dei ulike eigedomane og arealet som Standnes ønskjer å kjøpe.



Som det går fram av reguleringsplanen, er det både gbnr. 77/235 og 77/258 satt av til leik, men desse areala har ikkje på noko tidspunkt blitt tilrettelagt for organisert leik. I 2019 vart det – i samband med bygging av eit nytt bustadhus i Furulia 14, inngått ei avtale om makebyte av ulike areal. Resultatet av dei ulike makebyta (kjøp/sal) var m.a. at det vart lagt opp til å kunne etablere ein snarveg mellom Orevegen og Furulia (er ikkje ferdigstilt pr. d.d.), samt at det vart bygd ein ny nærleikeplass på gbnr. 77/748, som er opparbeida med nokre leikeapparat.



Figur 2. Syner ny leikeplass på gbnr. 77/748 etablert i 2019/2020.

Avtala som er framforhandla mellom Jarl Standnes og Gloppen kommune, ligg vedlagt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Gir ei mindre salsinntekt til Gloppen kommune

Konsekvensar for klima og miljø

Ikkje relevant

Sosiale konsekvensar

Tilgangen til areal for leik er blitt betre i Furulia etter bygging av ny leikeplass i 2019/2020. Det arealet som er omtalt i denne saka, har hatt ein så vanskeleg tilkomst, at det for mange kan ha blitt oppfatta som eit privat areal.

Vurdering opp mot planverk

Vil krevje ei mindre reguleringsendring

Kommunedirektøren si vurdering

Dette er ei mindre sak for Gloppen kommune, men ei stor sak for Jarl Standnes som har prøvd å få dette i orden sidan slutten av 1980-tallet. Den totale situasjonen i Furulia er blitt betre dei siste åra med tanke på areal satt av til leik / møteplassar for alle generasjonar. I 2022 var det gjennomført liknande sal av eit «krevjande» leikeareal i Furulia 26/28, og etter kommunedirektøren si vurdering vil det vere helt naturleg at også dette arealet blir seld, når der er nokon som ønskjer å kjøpe det.